

AGATUNET VENELAG
ÅRSMØTE
fredag 7. mars 2014

Møtet vart helde i Ådnesstova og det var kunngjort med utsending av brev / innbetalingsgiro til alle medlemene, og med plakatar.

Styreleiar Guttorm Rogdaberg ynskte 9 medlemmer velkomne.

Sak 1 Merknader til innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

Vedtak: Samrøystes

Sak 2 Val av skrivar av møtebok

Framlegg: Guttorm Rogdaberg

Vedtak: Samrøystes

Sak 3 Val av to personar til underskriving av møteboka.

Framlegg: Lars A. Aga og Agnete Sivertsen

Vedtak: Samrøystes

Sak 4 Årsmelding for året 2013

Leiaren la fram den tilrådde årsmeldinga frå styret.

Kommentar: Glede over at medlemsmassen var så stor. (126 medlemmer)

Vedtak: Samrøystes

Sak 5 Rekneskap for året 2013

Sjur K. Jaastad la fram revidert rekneskap.

Kommentar: Ved ei forgløyming mangla revisjonsmelding.

Vedtak: Samrøystes

Sak 6 Val

Innstilling frå valnemda vart lagd fram av Steinar Nilsen

Desse vart valde:

Leiar for 1 år: Guttorm A. Rogdaberg, attval

2 styrelemer for 2 år: Sjur K. Jaastad, attval

Ragnhild Sandvik Lund, ny

I tillegg vel kunstnemda ein representant til styret.

Varafolk for 1 år: 1 Jørund Olav Grønsnes, attval

2 Synneva Sæbø, attval

3 Jan Audun Kråkevik, attval

Revisor for 1 år: Lars O. Bleie, attval
Medlem i styret for Stiftelsen Agatunet for 2 år: ny
Olaug Igland Bleie,

Alle vala var samrøystes

Sak 7 Arbeidsplan 2014

Det vart lagd fram arbeidsplan.

Kommentarar: Laget stiller med vakter frå sesongstart og fram til jonsok, som i fjor. Laget meiner at det er eit viktig utoverretta signal for reiselivet at tunet har ope kvar dag i sesongen.

Museet prøver å få til at det alltid er ein fast tilsett tilstades på desse vaktene.

Kunstnemda arrangerer kunstutstilling med Ørnulf Opdahl, Bob Speith og Elisa Helland Hansen i Ådnesstova

Kunstnemda arrangerer ei stor ungdomsutstilling i Asbjønsløa knytt til Grunnlovsjubileet med ungdomsskulane i Hardanger. Nemda vil trengja litt hjelp i forkant av denne utstillinga..

Venelaget produserer og set opp utstillinga «Grunnlova og Hardanger» i Fruekammeret, Lagmannsstova.

Det må setjast opp oppslag om dugnadane.

Museumslagstur vart diskutert og om mogelegheitene for eit samarbeid om denne med det nystarta Skrivargardens vener.

Turkomite: Brita Hauso, Synneva Haustveit og Guttorm Rogdaberg

Vedtak: arbeidsplanen med kommentarar og val vert teke til fylgje. Samrøystes

Under møtet var det servering av kaker og kaffi / te.

Etter møtet kåserte leiaren i laget om Grunnlova og Hardanger.

Møtet slutt.

Agatunet 7. mars 2014

Lars A. Aga

Agnete Sivertsen